

Politiattest

Krav om politiattest i **Øystese idrettslag (ØIL)**.

Alle tilsette og frivillige som skal utføre oppgaver for idrettslaget som inneberer eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming skal framskaffe politiattest.

Dette skal gjerast i samråd med:

ØIL - hovudstyret v/ Rune Vik

e-post: rune-vi2@online.no

eller vararepresentant:

ØIL - hovudstyret v/ Toril Honningsvåg Vik

e-post: torilelin@online.no

Begge representantar har teieplikt overfor uvedkomande i forhold til dei opplysningar dei får kjennskap til.

Politiattesten inneheld berre opplysningar om personen for tida er siktet/tiltalt eller tidligare ilagt førelegg / dømt for brot på paragrafar i straffelova om seksualbrottsverk overfor barn. Idrettslaget har ikkje høve til å be personen om å innhente politiattest for andre straffbare forhold. Innhenting av politiattest er gratis.

Innhenting på ein-to-tre:

1: Søknaden om politiattest vert fylt ut av idrettslaget og den søknaden gjelder for, og skal underteiknast av begge. ØIL v/ Rune Vik evt. Toril Honningsvåg Vik sender søknaden til politiet.

2: Politiet sender attesten som ordinær post til den søknaden gjelder for. Den vert ikkje sendt til idrettslaget.

3: Den søknaden gjelder for, skal framvise sin politiattest til ØIL v/ Rune Vik evt. Toril Honningsvåg Vik. Øystese idrettslag skal ikkje lagre attesten, men berre få den framvist til gjennomsyn.

Personar som ikkje har framvist politiattest utan merknad, kan ikkje setjast til oppgaver som inneberer eit tillits- eller ansvarsforhold overfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming.

Med vennleg helsing

Styret i Øystese idrettslag

Politisk grunngjeving

Idretten skal vere ein trygg stad å vere for alle, og særleg for barn. Dessverre har det i dagens samfunn vist seg nødvendig å kontrollere vaksne som utfører oppgåver som medfører eit tillits- eller ansvarstilhøve overfor mindreårige. Stadig fleire institusjonar og verksemdar har innført politiattest, og frivillig sektor følgjer etter. Idrettsstyret ønskjer aktivt å motarbeide seksuelle overgrep innan idretten og ser på innføring av politiattest som eit virkemiddel for å avgrense høve for slike overgrep. Idrettsstyret har valt å gjere ordninga obligatorisk for at det skal vere lik rett til likt vern for alle barn, og for i størst mogleg grad å fjerne tilfeldig, skjønsmessig handsaming av eit såpass følsamt tema. Det har vore Idrettsstyrets ønskje at ordninga med politiattestar i idretten ikkje unødig skal belaste organisasjonen, ikkje mistenkeleggjere eller stigmatisere enkeltpersonar eller avgrense idrettslaga si primære oppgåve – å skape idrettsglede og meningsfylte fellesskap.

Bakgrunn

Idrettsstyret har med heimel i strafferegistreringsforskrifta § 12 nr.4 p) vedteke at alle idrettslag frå og med 1. januar 2009 plikter å hente inn politiattest for personar som skal utføre oppgåver for laget som medfører eit tillits- eller ansvarstilhøve overfor mindreårige eller menneske med utviklingshemming. Dette gjeld både personar som skal ta på seg nye oppdrag for laget og personar som er i eit ståande oppdrags-/tilsettingstilhøve for laget. Med mindreårige personar meinast personar under 18år. Idrettsstyret har gjort dette vedtaket for å sikre at alle mindreårige og menneske med utviklingshemming i norsk idrett får lik rett til likt vern. For idrettsstyret er det eit overordna ønskje at norsk idrett skal vere ein trygg stad å vere for alle.

Meir opplysningar kan ein finna ved å gå inn på:

<http://www.idrett.no/tema/politiattest/Sider/politiattest.aspx>